

Retningslinjer for tilskot til utsiktsrydding - Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland, 24.06.2016 - **UTKAST**

Retningslinjene er utarbeidd i tråd med § 3 i *Forskrift om tilskudd til utsiktsrydding i tilknytning til landbrukets kulturlandskap* (04.05.2016), gjeldande for Hordaland fylke.

Definisjonar

Kulturlandskap

Utsiktsryddinga skal medverke til utsikt og å fremje verdiar knytt til landbrukets kulturlandskap. Ordninga omfattar område både i landbrukets kulturlandskap, og område som gjev utsikt til landbrukets kulturlandskap.

Utsiktsrydding

Områda som skal ryddast skal vere av verdifull karakter sett frå landbruket og reiselivsnæringa si side. For at eit tiltak skal falle innanfor omgrepet utsiktsrydding er eit kriterium at ryddinga må auke opplevingsverdien på staden der det vert rydda.

Område, som ved rydding vil falle inn under definisjonen, kan til dømes vere:

- Område der folk ferdast (t.d. utsiktspunkt langs veg, rasteplassar, turveggar/stiar) Ferdsl på vatn og sjø fell ikkje under definisjonen
- Smale eller relativt bratte strekningar mellom veg og vatn/fjord/vassdrag
- Strekningar der kvisting og tynning gjev auka utsikt
- Lange, rette strekningar, eller slake, lange yttersvingar
- Strekningar i forlenging av allereie opne strekker som gjev stor gevinst i høve til utsiktstopplevinga

Søknad og sakshandsaming

Vedtak om tildeling av tilskot etter forskrifta vert fatta av Fylkesmannen. Fylkesmannen har ansvar for å lyse ut midlane og å informere om ordninga. For 2016 er der ikkje søknadsfrist og løypande søknadshandsaming. For seinare år har tilskotsordninga søknadsfrist to gonger årleg, 1. mars og 1. september. Det skal nyttast godkjent søknadsskjema med vedlegg. Tiltaka skal kartfestast. Søknaden skal sendast til kommunen som gjev uttale til søknadane.

Tilskot

I tråd med forskrifta kan det gjevast inntil 70 % tilskot. Det kan søkjast om tilskot med bakgrunn i kostnadsoverslag, men tilskotet vert utbetalt ut frå godkjent rekneskap. Om området er eigna til beiting, skal det beitast i minst 3 påfølgjande år. Kostnader for vedlikehald (t.d. gjerding, beiting, mekanisk rydding) etter utført tiltak kan ikkje dekkast med tilskot.

Eige arbeid vert godtgjort med følgjande timesatsar (veil., eksl. mva):

Manuelt utført eige arbeid: 350 kr/time

Bruk av motorsag, ryddesag o.l: 450 kr/time

Bruk av traktor: 650 kr/time

Kriteria for prioritering av søknadar

Ved prioritering av søknadar skal det takast utgangpunkt i følgjande kriteria:

Tidlegare ryddeprosjekt

Vedlikehaldsrydding knytt til område som tidlegare har vore rydda t.d. under prosjektet Opne Landskap eller i ryddeprosjektet 2009 skal prioriterast.

Viktig for reiselivet

Vegstreknningar som er viktige for reiselivet vert prioritert.

Effekt av tilskotsmidlane

Tiltak der kostnadene er låge i høve tal dekar som blir rydda og tiltak som kan gjennomførast raskt, skal prioriterast.

Avsetning til bioenergi

Prosjekt der det er mogleg å nytte ryddingsvirke som biobrensel skal prioriterast. Sekundært prosjekt der rydningsvirket kan nyttast som ved.

Vedlikehald gjennom beiting

Tiltak som legg til rette for vedlikehald gjennom beiting i etterkant av rydding skal prioriterast.

Biologisk mangfald

Tiltak som bidrar positivt for biologisk mangfald skal prioriterast. Dette kan t.d. gjelde prosjekt der gamle kulturmarker vert halde opne, for igjen å medverke til biologisk mangfald og trivsel for pollinerande insekt.

Krav til planlegging og gjennomføring av tiltak

Lovverk

Tiltakshavar pliktar til ei kvar tid å halde seg informert om gjeldande lovverk. Særskilt gjeld dette Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfaldlova), Lov om kulturminner (Kulturminnelova), Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan- og bygningslova) og Lov om vassdrag og grunnvann (Vassressurslova).

Grunneigaravtale

I alle prosjekt må det gjerast skriftleg avtale med rett grunneigarar om rydding. Statens vegvesen er grunneigar på riks- og fylkesvegar. Kommunen er grunneigar på kommunal veg og private er grunneigar på privat veg, skogsbilveg, turvegar m.v.

Arbeidsvarsling

Utsiktsryddinga skal utførast i samsvar med gjeldande regelverk for arbeidsvarsling med tanke på krav til skilting, trafikkdirigering og stenging av veg i samband med arbeid utført på og ved vegen.

Tidspunkt for gjennomføring

Utsiktsryddinga kan gjennomførast heile året. Det må likevel takast omsyn til snøtilhøve og turisttrafikk.

Ryddemetode

I kvart prosjekt skal det gjerast ei vurdering av korleis ryddinga skal gjennomførast. I mange tilfelle er det ønskjeleg at utsiktsryddinga skal utførast som tilstrekkeleg tynning, og ikkje snauhogst. I tremeter-sona langs veg må det likevel snauhoggast med omsyn til seinare rydding i regi av vegeigar. Det må òg tynnast så mykje at ein oppnår god utsikt. Mange stader kan kvisting vera nok til å skape utsikt, og vil i slike tilfelle vere å føretrekke framfor å fella trea.

Ringbarking er eit alternativ til andre ryddemetodar. Daude tre må i slike tilfelle fjernast etter to år.

Stubbebehandling

Det vert opna for bruk av glyfosat. I tilfelle der felt lauvtrevirke skal stubbebehandlast med glyfosat, må utførar av tiltaket ha gyldig autorisasjon for bruk av plantevernmiddel.

Dersom stubbebehandling skal gjennomførast må hogsten gå føre seg tidsrommet august – oktober. Stubbebehandlinga bør gjennomførast umiddelbart etter felling, men seinast 3 timar etter fellingstidspunktet.

Rydding av kappa virke, ris og bar

Det er viktig at kappa virke, ris og/eller bar vert rydda opp og fjerna, eventuelt at riset/baret vert lagt i diskre dungar eller flisa opp og skjult i terrenget.

Bar og virke skal ikkje leggjast langs elvekantar og vatn. Det er ein føresetnad at oppryddinga vert gjort slik at kvistar og bar ikkje seinare tettar kummar og stikkrenner.

Moment for val av tiltaksområde

Under planlegging av utsiktsrydding i kulturlandskapet, er det viktig å gjere ei prioritering av kva strekningar ein ynskjer å rydda. Under følgjer nokre moment som bør takast med i vurderinga. Det bør gå fram av søknaden kvifor eit område er utvalt til rydding.

Varsemd i høve økosystem

Rydding i tresona mellom veg og vatn krev varsemnd i høve økologiske tilhøve. Denne sona utgjer ofte viktige økosystem, og regulerer både avrenning, erosjon og næringstilgang til fjorden/vatnet/vassdraget.

Opplevingsverdi

Vel ut strekningar som vert til glede for flest mogeleg, både for fastbuande og turistar.

Utsiktsryddinga bør såleis gå føre seg i tilknytning til mykje brukte vegar og stiar.

Vurdering av skogen sin nytteverdi – areal som ikkje bør ryddast

Det skal gjerast vurderingar av om skogen har ein positiv effekt på høvesvis trafikktryggleik, erosjon/rasfare, innsyn og støy. Nyttverdi som dette kan vere grunnar til å la noko av- eller heile skogområdet stå. Strekningar som ikkje bør ryddast av omsyn til trafikktryggleik er skarpe yttersvingar der skogen medverkar til optisk linjeføring, tunnelopningar der skogen hindrar blandingseffekt, strekningar med svakt eller manglande rekkverk, smale strekningar der vegkanten ligg langs bratte parti/stup og svingete strekningar. Vurderingar m.o.t. innsyn og støy må gjerast i område nær bustadhus og hytter, offentlege badeplassar, gode fiskeplassar, industrifelt og uryddige

areal. Der skogen verkar inn som eit stabiliserande element i skråningar og langs vassdrag må det ikkje ryddast grunna fare for erosjon.

Avgrensingar

Tiltak som fell utanfor tilskotsordninga er:

- Svært kostnadskrevjande tiltak
- Rydding av skog som er mogen for hogst, som uansett vert hogd
- Rydding av plantefelt for skogproduksjon
- Rydding av offentlege areal